

Bjørn Kåre Vågenes  
Seiersberget 8  
5022 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5261 - 21/66556

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
05.10.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 428/51 og 428/52 Kvalheim Nedre

**Tiltak:** Fasadeendring og riving og oppføring av ny pipe  
**Byggjestad:** Gbnr: 428/51-52  
**Tiltakshavar:** Bjørn Kåre Vågenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.06.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding. Grunna stor saksmengd og redusert kapasitet har sakshandsaminga tatt lengre tid enn ønska. Vi seier oss lei for eventuelle ulemper dette har medført.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Omsøkt riving og oppføring av pipe er ikkje eit søknadspiktig tiltak i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 der tiltakshavar sjølv kan stå ansvarleg. Tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak, jf. pbl § 20-3.

Før kommunen kan behandla søknaden må han supplerast med ansvarsrett frå eit ansvarleg føretak som kan erklæra ansvar for både prosjektering og utføring av arbeidet. Lovverket opnar for at det er mogleg å søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar for tiltak på eigen fritidsbustad. Dersom dette er aktuelt må du senda inn ein søknad om å vera sjølvbyggjar. Skjema finn du her: [Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](https://dibk.no)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan **15.10.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Bjørn Kåre Vågenes

Seiersbjerget 8

5022

BERGEN